

## Opningstider i sommar

### Rådhuset

I veke 28, 29, 30 og 31 (10. juli - 4. august) er opningstida på rådhuset kl. 10.00 - 14.00.

På grunn av ferieavvikling må ein rekne med lengre saks- handsamingstid enn vanleg i denne perioden.

Send gjerne førespurnader på e-post til [postmottak@skodje.kommune.no](mailto:postmottak@skodje.kommune.no).

### Biblioteket

Siste opningsdag før ferien:  
Fredag 30. juni

Første opningsdag etter ferien:  
Måndag 7. august


### Skodje aktivitetssenter

Skodje aktivitetssenter er sommarstengt frå 1. juli, og opnar igjen 16. august.

Skodje kommune

ønskjer alle

**God sommar!**



## Har de prosjekt som kan finansierast av spelemidlar?

**Turstiar, turløyper, ballbingar, klubbhus, motorsportanlegg, skianlegg, trimparkar. Lista er lang over kva det kan søkjast spelemidlar til.**

Spelemidlar er overskotet frå Norsk Tipping si verksemd, som staten fordeler gjennom fylkeskommunen.

Idrettslag, skyttarlag, kommunar m.fl. kan søkje spelemidlar til både ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.

Burettslag og velforeiningar kan søkje spelemidlar til nærmiljøanlegg.

Prosjekt må vere prioritert i årleg politisk vedteken handlingsplan for fysisk aktivitet for å få tilsegn om spelemidlar.

Det faste planutvalet vedtok i møte 31. mai å starte arbeidet med rulling av handlingsprogram for fysisk aktivitet 2018-2021.

Skodje kommune inviterer med dette idrettslag, skyttarlag, burettslag, velforeiningar og andre til å melde inn prosjekt.

Sjå [skodje.kommune.no](http://skodje.kommune.no) for meir informasjon. Du kan òg ta kontakt med Skodje kommune v/ Magne P. Fylling, tlf 70 24 41 90, for meir informasjon om sjølve spelemiddelordninga.

Innmelding av nye prosjekt og eventuelle merknader til oppstarta planarbeid skal vere skriftlege, og sendast [postmottak@skodje.kommune.no](mailto:postmottak@skodje.kommune.no).

Frist for innspel og merknader er sett til 1. september 2017.

## Val 2017

**I år skal det haldast Stortingsval og Sametingsval måndag 11. september.**

### Førehandsrøysting

Frå 10. august til 8. september skal det haldast førehandsrøysting ved rådhuset.

#### Opningstidene er:

- Mån./tys./tor./fre. kl. 09.00 – 14.00
- Onsdag kl. 10.00 – 14.00

#### Utvida opningstid:

- Torsdag 31. august kl. 09.00 – 19.00
- Torsdag 7. sept. kl. 09.00 – 19.00

### Tidlegrøysting

Det vert frå 1. juli høve til å tidlegrøyste på rådhuset:

- Mån./tys./tor./fre. kl. 09.00 – 14.00
- Onsdag kl. 10.00 – 14.00

Dette tilbudet gjeld til dømes fiskarar eller studentar som reiser utanriks, eller andre som ikkje har høve til å førehandsrøyste i den ordinære perioden for førehandsrøysting.

### Ambulerande røystemottak (røyste heime)

Dersom du på grunn av sjukdom eller andre årsaker ikkje kan kome til røystelokalet, kan du søkje om å få førehandsrøyste der du bur (ambulerande røystemottak). Søknaden må vere valstyret i hende innan tysdag 5. september kl. 15.00.

Søknad skal sendast til valstyret i Skodje, rådhuset, 6260 Skodje, eller du kan ringe 70 24 40 00.

### Skodje omsorgssenter

Det blir gjennomført førehandsrøysting ved Skodje omsorgssenter onsdag 6. september frå kl. 11.00 til 13.00.

Meir informasjon om Stortingsvalet og Sametingsvalet 2017 er å finne på [skodje.kommune.no](http://skodje.kommune.no)

## Litt av kvart

### Skodje prøver ut velferdsteknologi

Velferdsteknologi er eit nasjonalt satsingsområde, og vil i dei næraste åra bli ein del av dei tenestene kommunen yter. Målet er å gi auka tryggleik, betre meistring og/eller større fridom for den einskilde tenestemottakar.

For å opparbeide oss erfaring med velferdsteknologi har Skodje blitt med i eit prosjekt for utprøving av ulike løysingar.

Dersom du eller nokon du kjenner kan vere interessert i å vere med på utprøvinga, er vi takksam om de tek kontakt med prosjektleiar Helen Østrem i helse- og omsorgs-eininga. Telefon 70 24 40 96 eller e-post: [helen.ostrem@skodje.kommune.no](mailto:helen.ostrem@skodje.kommune.no)

Les meir om prosjektet på [skodje.kommune.no](http://skodje.kommune.no).

### Aktivitetskontakt

Stabil mann i 20-åra ønskast til kjekt aktivitetskontaktoppdrag i Skodje kommune!

Dersom du er interessert, ta kontakt med koordinerande eining på telefon 70 24 40 58 eller 476 85 015 eller send e-post til [stine.lovold@skodje.kommune.no](mailto:stine.lovold@skodje.kommune.no).

### Flytte-melding

Hugs å melde om flytting til folkeregisteret. Dette gjeld også ved flytting innanfor kommunen.

### Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 15. september. Frist for innlevering til dette nummeret er 8. september.



Dette skjer

## FJORD CADENZA 9. - 13. AUGUST

ONSDAG 9. AUGUST 17:00

### KUNSTUTSTILLING på Jentekolonien

Salgsutstilling med kunstnar Eldar Parr i regi av Lions på Jentekolonien. Utstillinga er open kvar dag under festivalen.

Ons-fre 17-22. Laur 12-22. Søn 12-16.

TORS DAG 10. AUGUST 18:00

### EKROLL OG FERSTAD på Stavset Skule

Eit nært møte med Jan Ivar Kinn Ekroll og Sondre Ferstad i ein akustisk og intim konsert i det gamle fine klasserommet på Stavset Skule.

TORS DAG 10. AUGUST 21:00

### KLASSISKE PERLER i Ålesund Kirke

Eit fantastisk knippe av klassiske perler framført av eit stjernelag med Kaunas City Symphony Orchestra som fundament. Her blir det presentert verk av festivalkomponist Bertil Palmar Johansen, Haydn og Marcussen.

Solistar: Philippe Quint, Magne Fremmerlid, Charlotte Fongen, Povilas Syrrist-Gelgota og Toril Syrrist-Gelgota.

FREDAG 11. AUGUST 19:00

### OPNINGSKONSERT i Gomerhuset

Den verdkjende fiolinisten Philippe Quint i samspel med Kaunas City Symphony Orchestra under leiding av Rune Bergmann. Årets festivalkomponist Bertil Palmar Johansen vert også presentert i eit fyrverkeri av en opningskonsert i god Fjord Cadanza-tradisjon!

LAUR DAG 12. AUGUST 14:00

### GRAND FINALE for Ålesund Orkesterskole

Variert avslutningskonsert i Spjelkavik kyrkje for Ålesund Orkesterskole sitt sommarkurs.

LAUR DAG 12. AUGUST 18:00

### DNB NASJONAL SOLISTKONSERT i Gomerhuset

Nokre av dei mest talentfulle utøvarane frå heile landet på ulike instrument er plukka ut til denne superfinalen på Gomerhuset! Velkomen til ein konsert på høgt nivå og med stor breidde!

LAUR DAG 12. AUGUST 19:00

### EVA WEEL SKRAM, PHILIPPE QUINT OG KAUNAS SYMPHONY ORCHESTRA i Fosnavåg Konserthus

Eva Weel Skram in Symphony i møte med den verdskjende fiolinisten Philippe Quint og Kaunas City Symphony Orchestra under leiding av Rune Bergmann.

LAUR DAG 12. AUGUST 21:00

### OPERAPUB på Publix Bar

Charlotte Fongen og Magne Fremmerlid med venner. Nyt operaperler og god servering som ei flott avslutning på ein innholdsrik dag.

SØNDAG 13. AUGUST 11:00

### CADENZA GUDSTENESTE i Skodje kyrkje

Kari Vatne og Arne B. Varmedal. Magne Fremmerlid, Charlotte Fongen og Povilas Syrrist-Gelgota (bratsj) tek del. Takkoffer og kyrkjekaffi.

SØNDAG 13. AUGUST 14:00

### GRATISKONSERT på Skodje Omsorgssenter

Magne Fremmerlid og Charlotte Fongen med venner gjev tradisjonen tru ein konsert med iøyrefallende tonar på Skodje Omsorgssenter.

SØNDAG 13. AUGUST 16:00

### FØRKVELD på Jentekolonien

Kunstutstilling, tapas og musikkinnslag.

SØNDAG 13. AUGUST 16:30

### OPERA-PERLER OG FJORD-TAPAS i Nerskøyløa

Magne Fremmerlid og Charlotte Fongen serverer opera-perler av beste slag med Fjord-tapas som herleg garnityr i flotte omgjevnader i Nerskøyløa.

SØNDAG 13. AUGUST 19:00

### AVSLUTNINGSKONSERT på Gomerhuset

Eva Weel Skram in Symphony, August Schieldrop i samspel med Kaunas City Symphony Orchestra under leiding av Rune Bergmann og festivalkomponist Bertil Palmar Johansen byr inn til ein storslått og forrykande avslutningskonsert på Gomerhuset!

## SkodjeDagane 2017

Skodje Skulekorps inviterer til salsmesse i og rundt Gomerhuset i Skodje sentrum. Vi ynskjer å få til ei spennande messehelg, med variert program og underhaldning for einkvar smak.

Messa er open laurdag 16. september og sundag 17. september frå kl. 11.00 til 17.00.

Vi som arrangør håper at De kan finne SkodjeDagane 2017 som eit interessant høve til å presentere Dykkar produkt.

Ta gjerne kontakt med oss for ytterlegare informasjon og prisar.

E-post: [Skodjedagane@skodjeskulekorps.no](mailto:Skodjedagane@skodjeskulekorps.no)  
Olaf T. Skrøppa, 6260 Skodje, tlf. 952 59 296  
Anne Mette Mykland, 6260 Skodje, tlf. 959 47 711

"Kommunenyt" er utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, og kommunale avdelingar. Ansvarleg redaktør: rådmann Bente Glomset Vikhagen.



# SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35  
[postmottak@skodje.kommune.no](mailto:postmottak@skodje.kommune.no) | [www.skodje.kommune.no](http://www.skodje.kommune.no)